



Modalen kommune

# Årsmelding 2009



# Innhold

Rådmannen	.....	side 3
Økonomi og rekneskap	.....	side 5
IKT	.....	side 11
Kulturkontoret	.....	side 12
Bryggjeslottet	.....	side 14
Modalen folkebibliotek	.....	side 15
Oppvekst og omsorgsetaten	.....	side 16
Sosialtenesta	.....	side 16
Pleie- og omsorgstenesta	.....	side 17
Helsecenteret	.....	side 21
Mo skule	.....	side 23
Modalen barnehage	.....	side 29
Teknisk etat	.....	side 32

Foto framside: Øyvind Rambech Fosse

# Rådmannen

## Kommunelova §23. Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet.

1. Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede kommunale () administrasjon, med de unntak som følger av lov, og innenfor de rammer kommunestyret () fastsetter.
  2. Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.
  3. Administrasjonssjefen har møte- og talerett, personlig eller ved en av sine underordnede, i alle kommunale () folkevalgte organer med unntak av kontrollutvalget.
  4. Kommunalt () folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret () har bestemt noe annet.
- 

Rådmannen skal syte for ei rasjonell drift, og at drifta held seg innafor dei økonomiske rammene som Kommunestyret bestemmer. Årsmeldinga er ei attendemelding til Kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for.

Rekneskapen for 2009 er lagt fram med eit driftsresultat på 6,7%. Som økonomisjefen skriv i sine kommentarar er dette framleis eit godt resultat, men resultatet er lågare enn føregåande år. Oversynet over dei samla fondsmidlane viser at det er ei trend i bruken av midlane som til slutt tek frå kommunen handlefridomen.

Investeringar i same takt og omfang som har vore, gjer at Kommunestyret må sjå på ein balansegang mellom bruk av eigne pengar i fond og lån i bank.

**Modalstunet** har i 2009 eit overskot i høve til justert budsjett. Det er ikkje lett å styre økonomien på institusjonen sett i høve til dei skiftande rammeføresetnadene som er i belegg og langsiktige avtaler med nabokommunar. Dette har verknad på bemanning og planlegging av drifta. Avgjerda i grensereguleringssaka har vore eit moment i heile 2009, og samhandlingsreforma – dersom den blir sett i verk - vil vere med å styre utviklinga. Det er likevel den uvissa som er i høve til Vaksdal kommune som tærer mest på kreftene, og som også i 2009 har skapt vanskelege styringstilhøve. Alle aktuelle brukarar – kommunar og einskildpersonar – veit om tilbodet på sjukeheimen i Modalen. Meir marknadsføring utgjer difor ikkje nokon ”skjult reserve”. Bemanninga på

Modalstunet har i 2009 vore meir tilpassa det faktiske talet på bebuarar, men ein er framleis ikkje heilt i hamn. Modalingane har i snitt brukt 5,5 plassar, og dette talet syner det eigenbehovet som faktisk er i kommunen. På den andre sida har tenesta også ytt service til dei som bur heime.

**Likestilling, diskriminering og etisk standard** er som omgrep ikkje brukt om nokon sak i kommunen. Modalen kommune har ein klår overvekt av kvinnelege arbeidstakrar og leiarar, og begge kjønn er representert på alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å setja i verk nokon spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ein kvar tilsetting i kommunen er tufta på kva kvalifikasjonar søkeren har. Det er likeins sett i gang arbeid for å utarbeide etiske reglar for administrativt og politisk arbeid i Modalen kommune. Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset, men det er sett av naudsynt finansiering til heis i 2012.

**Dei andre einingane** i Modalen kommune har ikkje dei same utfordringane som sjukeheimen, og syner ei drift som er i nokolunde balanse med budsjettet. Under ansvar ”rådmannen” vert rekneskapsført mange fellesutgifter som kjem alle einingane til gode – som til dømes auka pensjonspremie til KLP.

# Økonomi og rekneskap

## SAMANDRAG

**Rekneskapsåret 2009 er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på nesten kr 4,8 millionar, dette er noko lågare enn det justerte budsjett-talet på kr 5,3 millionar. Netto driftsresultat vert sett på som det viktigaste nøkkeltalet for å vurdera det økonomiske resultatet av drifta i ein kommune. Det vert ofte lagt til grunn at netto driftsresultat bør vere minst 3 % av driftsinntektene. Resultatet for Modalen kommune for 2009 tilsvrar 6,7 % av driftsinntekta. Kr 2,3 millionar kjem frå mva-kompensasjon på investeringar.**

**Rekneskapsmessig overskot vart kr 1 990 784,14. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og -avsetjingar.**

**Netto driftsresultat er redusert monaleg i høve til 2008, som igjen var meir enn ei halvering i høve til 2007. Mykje av nedgangen skuldast at kommunen hadde svært høg mva-kompensasjon frå investeringsutgifter i 2007.**

Lønsutgiftene er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 41 millionar (inkl sosiale kostnader) av samla driftsutgifter på kr 68,1 millionar utgjer 60 %. Lønsutgiftene sin andel av driftsutgiftene er stigande, men er framleis lågare enn i dei fleste andre kommunar.


Økonomisk oversikt for investeringsrekneskapen syner eit finansieringsbehov på kr 17,4 millionar. Dei største investeringsområda har vore nye gjennomgangsbustader, ombygging av Mo skule og fiber-/breibandsutbygging. Dei 3 prosjekta har ei samla utgift på om lag kr 11,4 millionar. Av finansieringsbehovet på kr 17,4 millionar er kr 14,6 millionar finansiert med eigne fondsmidlar.

## VURDERING

### Resultat i drifta:

2009 har gjeve nok eit positivt resultat for kommunen. Netto driftsresultatet er dobbelt så høgt som tilrøadd nivå for å ha ein sunn økonomi. I innleiinga er det peika på at kr 2,3 millionar av resultatet kjem frå mva-kompensasjon på investeringar. Utan den inntekta ville resultatet berre vore 2,5 millionar som utgjer om lag 3,5 % av samla driftsinntekt, altså berre rett over normen. Men det er også viktig å merka at utlån/forskottering av kr 2,8 millionar til utbetring av RV 569 ved Eidslandet er utgiftsført i driftsrekneskapen i 2009 og reduserer netto driftsresultat. Utan denne ekstraordinære utgifa i rekneskapen ville driftsresultatet vore kr 7,6 millionar, og utgjort over 10 % av driftsinntektene. Ein ser såleis at einskilde store postar påverkar resultatet tungt, og særskilde tilhøve i eit einskild år kan påverka tala mykje i eine eller andre retninga.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2000-2009 (Tal i 1000)



Netto driftsresultat er løpende driftsutgift og –inntekt, inkludert finansinntekt og –utgift. Avskrivinger inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpende drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år.

Det har mange gongar vore påpeika at kommunen treng høge driftsresultat for å kunna finansiera investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Netto driftsresultat på kr 4,8 millionar er lågare enn gjennomsnittet for dei siste 10 åra, som er om lag kr 6,8 millionar, og mykje lågare enn nivået på investeringane dei seinare åra. Rådmannen har tidlegare peika på at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. Frå politisk hald er det òg uttrykt bekymring for at årleg driftsresultat vert for lågt i høve investeringsbehov og –ynskjer.

Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk: kr 1 990 784,14.

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Kommunestyret skal gjera vedtak om disponering av dette resultatet. Rådmannen tilrår at midlane vert sett av til disposisjonsfond.


### Driftsinntekt:

Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein liten kommune om ein skal kunna tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv.

Diagrammet under syner at over halvparten av samla driftsinntekt kjem frå dei 3 postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt, det meste av dette er knytta til inntekt frå kraftproduksjon. Rammetilskot frå staten og skatt på inntekt og formue er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektpostane er dei klart største. Såleis er det inntekt basert på utnytting av kommunen sine eigne ressursar som legg grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste 10 åra der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har

svinga litt omkring 50 % av dei samla inntektene i heile denne perioden. Rammetilskot frå staten har i same periode vorte redusert frå om lag 16 % i 2000 til 8 % av dei samla inntektene i 2009.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar



Inntektene har samla auka med 8,9 % i høve til 2008. Dette er meir enn auken i utgifter (sjå under). Samla skatt (personskatt og naturressursskatt) har auka med 9,5 % samla, noko som er uvanleg mykje. Det er såleis finanspostane, og særskilt utlån/forskottering til utbetring av veg på Eidslandet som gjer at netto driftsresultat vert svakare enn 2008.

I samband med endra rekneskapsreglar for føring av prinsippendingrar mot likviditetsreserve er likviditetsreserven avvikla. Kr 2,4 millionar er inntektsført i driftsrekneskapen og avsett til disposisjonsfond i tråd med retningslinene for avvikling av likviditetsreserve. Sjå òg tilsvarande kommentar under investering.

### **Driftsutgift:**

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 63,2 millionar til kr 68,1 millionar frå 2008 til 2009. Auken utgjer om lag 7,7 %. Dette er inklusiv avskrivingar og utanom finanspostane. Auken er høgare enn normal pris- og lønsvekst skulle tilseie og gjev såleis eit uttrykk for auka aktivitet i kommunen. Samla lønsutgift har auka med over 10 %, men her kjem ordninga med føring av premieavvik (pensjonskostnad – pensjonspremie) inn og påverkar tala. I 2008 vart det inntektsført nesten kr 780 000 i premieavvik medan ein i 2009 måtte utgiftsføra kr 145 000. Lønsutgift utanom

pensjon og arbeidsgjevaravgift har auka med om lag 9 %. Justerer ein for auka inntekt frå sjuke- og fødselspengerefusjon vert auken om lag 7,3 %. KS opplyser at den gjennomsnittlege lønsveksten frå 2008 til 2009 var om lag 4,7 % i KS-området.

### Budsjettstyring og avvik:

	<b>Rekneskap</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Avvik</b>	<b>Avvik</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
	<b>2009</b>	<b>2009</b>	<b>ikr</b>	<b>i %</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>
<b>Rådmannen/sentraladm</b>	11 608 979	11 874 110	-265 131	-2,2 %	12 357 820	11 897 882
<b>Oppvekst</b>	9 052 142	9 293 680	-241 538	-2,6 %	10 580 720	9 009 426
<b>Omsorg</b>	14 485 035	14 731 970	-246 935	-1,7 %	14 117 710	14 658 617
<b>Teknisk</b>	7 359 249	7 418 010	-58 761	-0,8 %	7 482 520	5 243 677
<b>Totalt budsjettområda</b>	<b>42 505 405</b>	<b>43 317 770</b>	<b>- 812 365</b>	<b>-1,9 %</b>	<b>44 538 770</b>	<b>40 809 602</b>

Oversikta syner nettoutgift pr budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret gjev rammeløyving til 4 budsjettområde:

Rådmannen/sentraladministrasjon, Oppvekst, Omsorg og Teknisk. Alle områda har halde seg innanfor justert budsjettløyving og har mindreforbruk i høve løyvinga. I løpet av året har budsjettområdet Omsorg fått auka løyving gjennom budsjettjustering, medan dei andre samla har fått redusert sine løyvingar. Tala syner god budsjettdisiplin. Den store auken i tala for Teknisk i høve til 2008 skuldast reinhaldstenesta som no er samla i ei eiga eining innanfor teknisk etat. Noko over kr 2 millionar av nettoutgiffa til Teknisk er knytta til reinhaldstenesta.

### Investering:


Bokført investeringsutgift i 2009 er kr 15,9 millionar, der utgiftene til Fiberutbygging, gjennomgangsbustader på Mo og ombygging av Mo skule er dei største prosjekta med samla utgift på kr 11,4 millionar. Investeringsutgiftene er finansiert med bruk av fondsmidlar, overføringsinntekt (spelemidlar) samt salsinntekt. Det er gjeve eit formidlingslån i løpet av året som er finansiert med bruk av tilsvarande lånemidlar frå lån i Husbanken.

I samband med endra rekneskapsreglar for føring av prinsippendingrar mot likviditetsreserve er likviditetsreserven avvikla. Kr 1,9 millionar er inntektsført og avsett til ubunde investeringsfond i tråd med retningslinene for avvikling av likviditetsreserve.

### Likviditet/arbeidskapital:

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkja den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelta gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2000-2009 (tal i 1000)




Utviklinga i arbeidskapitalen har vore negativ dei siste åra, men storleiken på arbeidskapitalen må likevel reknast å vera god. Ein ser ein nedadgåande trend frå 2006, og ein ligg no på om lag same nivå som ein relativt jamnt gjorde i perioden 2000-2005.

## LÅNEGJELD OG FOND

### Fond:

Diagram: Samla fondsmidlar pr 31.12 frå 2001 – 2009 (Tal i 1000)



Oversikta syner reduksjon i samla fondsmidlar i kommunen i 2009. Kommunen har framleis relativt mykje fondsmidlar, men det har vore høge investeringsutgifter i 2009, og det er budsjettert med

høgt fondsbruk til å finansiera investeringsutgift i 2010. Såleis vil utviklinga halde fram nedover. Handlefridomen og moglegheitene til å eigenfinansiera investeringane i framtida vil såleis verta redusert. Ein viser til det som òg er nemnt ovenfor om at det er viktig å styra driftsutgiftene og driftsresultatet, samt investeringsnivået, for å kunna oppretthalda handlefridomen og ha buffer mot därlegare tider og uforutsette endringar.

### Lånegjeld:

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda er såleis relativt stor per innbyggjar, men er moderat i høve kommunen si evne til å betena rente- og avdragsutgifter. Rente- og avdragsbetaling på auka lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. I 2009 auka kommunen årleg avdrag i høve til tidlegare år, og ligg godt over minstekravet til årleg avdrag.

Tabell: Utvikling i lånegjeld 2002 - 2009

	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>
<b>Lånegjeld (tal i 1000)</b>	4 850	4 040	3 230	16 793	40 723	38 800	36 877	34 378
<b>Lånegjeld pr innb (kr)</b>	14 017	11 038	8 947	47 438	114 390	107 778	105 063	99 936
<b>Innbyggjartal</b>	346	366	361	354	356	360	351	344

## IKT

Innanfor IKT-feltet har hovudfokus i 2009 vore utbyggjing av fibernet til innbyggjarane i kommunen, og regionalt IKT-samarbeid som omfattar blant anna oppbygging av ein felles AD-struktur.

Det vart i 2009 tilsett økonomi- og IT-rådgjevar i 100 % stilling. Stillinga er meint å skulle vere ein kombinert stilling for IT og økonomi. Kombinasjonen er brukt av mange mindre kommunar, og er ei tilpassa og god løysing for Modalen kommune.

Kommunen har eit IKT-samarbeid med dei andre kommunane i Nordhordlandsregionen. Kommunane som er med på prosjektet er Modalen, Austrheim, Fedje, Lindås, Meland, Radøy, Masfjorden, Osterøy og Vaksdal. Samarbeidet vert kalla SING. Det byggjer på eit felles fibernet mellom rådhusa. Dette nettet dannar grunnlaget for felles tenester, som tilgang til internett og servardrift. Eit ledd i dette samarbeidet er regelmessige møte mellom dei IT-ansvarlege i kommunane.

Det har vore stor aktivitet i det regionale samarbeidet i 2009. Det er blitt gjort eit omfattande arbeid for å etablere ei felles løysing for kommunane sin bruk av IKT i eiga forvaltning. Løysinga omfattar felles innkjøp av IKT-utstyr og programvarelisensar. For å leggja grunnlag for tettare samarbeid og effektiv drift av felles IT-struktur har alle kommunane fått eit felles domene. Det er i løpet av året blitt laga ny e-postløysing for SING-samarbeidet, ny administrativ programvare for skule og barnehage er tatt i bruk, og ein har eit nytt driftsmiljø for applikasjonar som handterer sensitive opplysningar (pleie og omsorg).

Det ligg tydelege føringar frå sentrale styresmakter om at IKT skal vera eit sentralt hjelpemiddel for å oppnå viktige mål for vidareutvikling av kommune-Noreg.

IKT skal bidra til, mellom anna:

- Deltaking i informasjonssamfunnet for alle
- Høgare produktivitet, frigjering av ressursar og auka velferd
- Betre og meir tilgjengelige tenester
- Ivaretaking av personvernet
- Auka digital samhandling mellom kommunar, andre forvaltningsnivå og næringsliv

Prosjektet som no er iverksett er eit viktig bidrag til oppfylling av desse måla for kommunane i Nordhordlandsregionen. Den nye løysinga skal leggja til rette for å vidareutvikla regionen til en eRegion.

I september vart det starta på arbeidet med å byggje ut fibernet til alle husstandar i Modalen Kommune. Fibernetet skulle vore ferdigstilt og i drift ved utgangen av året. Uforutsette hendingar og frost og kulde i sluttfasen av anleggstida har forseinka arbeidet ein del. Etter at fiberutbygginga er ferdig, vil ein ha eit nettverk basert på fiber heilt fram til alle innbyggjarane. Bedrifter som ikkje har fiber i dag får dette lagt inn. Kommunen betalar alle kostnader for installasjonar og fibernetet. Det vart i løpet av året starta eit arbeid med lage ein ny nettportal for Modalen kommune. Arbeidet med dei nye heimesidene vil fortsetje i tida framover.

## Kulturkontoret



Foto: Liv Ekse

### TENESTER OG OPPGÅVER

Kultursjefen har 100 % stilling. Til stillinga ligg ansvar for kultur, miljø, planlegging og ungdomsarbeid. Kulturarbeidet er organisert i rådmannsstaben.

Kulturkontoret står til teneste med:

- Turistinformasjon
- Tilskot til lag og organisasjonar
- Tilskot til kulturminnevern
- Samordning av aktivitetar
- Kulturarrangement
- Tilrettelegging av friluftsliv
- Den kulturelle skulesekken

### MÅL

Modalen skal vere prega av eit rikt og mangfaldig tilbod innan kultur og idrett. Kommunen skal satse på tiltak som bevarer bygda sin kulturelle eigenart, og styrker folket og bygda sin identitet. Ivaretaking av kulturminne/ miljø er viktig for å ta vare på kommunen sin eigenart.

Modalen kommune får gode attendemeldingar på at me har eit godt og variert tilbod innan kultur. Me har og hatt ei medveten satsing på kulturminnevern. I 2009 vart det løyvd kr 200 000,- i tilskot til restaurering av eldre bygg.

## ØKONOMI

Kultursjefen hadde eit meirforbruk på kr 46 000,-. Ei av årsakene til dette er ein stor konsert i Bryggjeslottet som gjekk med større underskot. Underhaldning til julebordet vart også ført over dette budsjettet.

## AKTIVITET

Kulturlivet har endra karakter etter me fekk Bryggjeslottet. Det har vorte fleire tilbod innan mellom anna idrett, som handball og idrettsskule for born. Det har også vore laurdagsope bibliotek og laurdagstreff, open hall, på Bryggjeslottet. Der er også tilbod om barneunderholdning, teater, musikk og lyrikk ca. 1 gong i månaden. Frammøtet er stort både på open hall og teatertilboden. Her er ca. 40 born og vaksne i snitt på desse laurdagane. Dette er eit positivt tiltak for uformelle møteplassar i lokalsamfunnet.

### Arrangement i løpet av året:

- Noregs-cup biltrail: Bergen Offroader arrangerte Noregs-cup i Trohaugrupa. Kulturkontoret hadde ein koordineringsrolle.
- Villmarksleir på Steinsland: 30 born møtte på Steinsland og hadde uteaktivitetar i tre dagar.
- Veteranbåttreff.
- Konsertar og arrangement i Bryggjeslottet.
- Borna sin dag: Arrangert i oktober i Bryggjeslottet. Her var det mellom anna barneteater, matlagning, arbeidsstasjonar og anna underholdning. Det var eit stort frammøte av born og foreldre.
- Modalsmarknad: Mat og handverksmarknad i Bryggjeslottet. Det var her 1000 besøkjande, og rekord med utstillarar.

### Friluftsliv

Det er utarbeidd ein friluftsplan for Modalen. Modalen kommune har begynt arbeidet med å setje opp nye skilt ved turvegane i kommunen.

### Turistinformasjon

Eit informasjonskilt vart sett opp ved rastepllassen Sæten. Modalen kommune utarbeidde ei informasjonsbrosjyre for kommunen; ”Liten kommune med stor kraft” .

### Faste tilbod

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kulturkontor, bibliotek, skule og indre deler av Vaksdal kommune. Målet er å få kulturtildob av høg kvalitet integrert i skulen. I 2009 har skulen hatt tilbod som forfattarbesøk, teater, teatertur til Bergen, konsertar og lokale prosjekt. Det har også vore teater- og musikktildob til barnehagen. Det er ungdoms- og juniorklubb to gonger i månaden i Bryggjeslottet.

## BRYGGJESLOTTET



Foto: Magne Sandnes

Dette var det andre heile driftsåret for Bryggjeslottet. Bruken og utleiga har auka godt dette året. Bryggjeslottet inneheld bowling, basseng, styrkerom, idrettshall og bibliotek. Det er tilsatt driftsleiar i 100% stilling og reinhaldar i 80 % stilling. I tillegg til dei fast ansatte vert det leidt inn bowling - og badevakter i helger og feriar.

Målet for året 2009 var å auka bruken og arrangere noko for alle. Målet er nådd og inntekta har auka i takt med dette.

Det har vore litt meir utgifter enn budsjettet, men òg meir inntekter. Meirutgiftene er stort sett på grunn av utgifter til konsert og andre tilstellingar.

Bryggjeslottet er mykje i bruk både av lokale folk og folk frå andre nærliggjande kommunar. Det har vorte arrangert mellom anna konsertar, barneteater og diverse andre tilstellingar både for store og små. Det har vore ein fin auke i utleiga av bowling og basseng til privatpersonar og bedrifter. Mo skule brukar huset fortsatt til gym og bading.

# Modalen folkebibliotek

## TENESTER OG OPPGÅVER

Første del av føremålsparagrafen til Lov om folkebibliotek seier:

*"Folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling, og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet."*

Ved biblioteket er det tilsett biblioteksjef i 60% stilling. Til stillinga ligg òg ansvar for fjernarkivet.

## MÅL

Modalen folkebibliotek samarbeidar med dei åtte Nordhordlands kommunane, med mellom anna felles katalog, ulike prosjekt, kurs og arrangement.

I 2009 har det vore jobba med Nynorskprosjektet. Det skal fokusera på nynorsk barnelitteratur for å auka interessa for, og utlånet av desse bøkene. Dette arbeidet heldt fram i 2010.

## AKTIVITET

Lokaliseringa i Bryggjeslottet har vore svært vellukka. Huset har utvikla seg til ein møteplass for folk i alle aldrar. Utviklinga i biblioteka i Noreg syner at utlånet går litt ned medan talet på besök aukar. Dette gjeld og Modalen.

UTLÅN	2009	2008
Utlån bøker, born	1825	2013
Utlån bøker, vaksne	1859	1615
Utlån film, born	473	684
Utlån film, vaksne	548	488
Lydbøker born	53	82
Lydbøker vaksne	198	197
Musikk born	41	38
Musikk vaksne	221	269
Totalt	5218	5386

Talet på besök i biblioteket i 2009 er 4955.

Mo skule, barnehagen og Eksingedalen skule er faste brukarar av bibliotektenestene. Biblioteket samarbeider med Mo skule og kulturkontoret om forfattarvitjingar, barneteater, utstillingar og konserter.

# Oppvekst og omsorgsetaten

Oppvekst og omsorgsetaten femner om avdelingane barnehage, skule, helse, sosial og pleie og omsorg.

Etaten er organisert med ein leiar på kvar avdeling, og kommunalsjef som leiar for etaten. Kommunalsjef rapporterer til rådmannen.

## Sosialtenesta

### TENESTER OG OPPGÅVER

**Barnevernstenesta:** Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen.

**Rusomsorg:** Ansvaret for rusomsorga i Modalen er lagt til kommunalsjef.

**Avlastning og omsorgsløn for barnefamiliar:** Ansvar for vedtak og oppfyljing av tiltak lagt til kommunalsjef.

**Økonomisk rådgjeving og økonomisk sosialhjelp:** Ansvaret lagt til NAV Modalen

### MÅL

Eit viktig arbeidsmål for sosialtenesta i 2009 var å få etablert NAV-kontor i Modalen.

Kontoret vart offisielt opna i august 2009, og hadde då ope 1 dag for veka. Målet på sikt er å utvida opningstida til 2 dager for veka.

NAV-kontoret skal samordna oppfølging og tiltak til personar som har trong for hjelp frå folketrygda, arbeidskontor eller økonomisk sosialhjelp. Fagområdet til NAV er breitt og regelverket komplekst. Erfaringane frå  $\frac{1}{2}$  års drift viser at det er utfordrande for ein sakshandsamar å ha oversikt over eit så breitt og komplekst fagområde. NAV Lindås skal hjelpe kontoret vårt med saker som krev spisskompetanse.

Leiinga ved NAV Modalen er todelt. Kommunalsjef har ansvar for det kommunale tilbodet (økonomisk sosialhjelp), medan leiar ved NAV Lindås er ansvarleg for dei statlege oppgåvane (arbeid og trygd) ved kontoret.

### ØKONOMI

Samla sett hadde sosialtenesta eit meirforbruk på kr 100 000,- ut over justert budsjett. Årsaka til dette er ekstra utgifter til omsorgsløn og avlastning til barnefamiliar, og oppfølging av unge vaksne.

## AKTIVITET

Innan feltet barnevern har det vore jamn aktivitet i 2009. Talet saker heldt seg stabilt, og har vore mindre enn 5 saker.

Rusområdet har hatt fokus på det førebyggjande arbeidet med informasjonskampanjar og kontroll av sals- og skjenkestadene.

Økonomisk sosialhjelp har hatt større aktivitet i 2009 enn tidlegare år. Årsaka til dette er hovudsakleg etterslep i NAV-systemet som har gjort at søknader om trygderettar har drege ut i tid.

## Pleie- og omsorgstenesta

Modalstunet bu- og opptrening er hovudbasen i pleie- og omsorgstenesta. Pleie og omsorg omfattar integrert sjukeheim og heimesjukepleie, omsorgsbustader og heimehjelpteneste.

På Modalstunet har desse tilboda sitt utspring: institusjonsopphald, heimesjukepleie, heimehjelp og dagtilbod for eldre.

**DAGTILBOD:** Arbeidsstova på Modalstunet er open 4 dagar for veka. Her vert gitt dagtilbod for bebuarane og for heimebuande. Kvar fredag er det bingo og kaffikos i daglegstova. Eldre i bygda er inviterte til å delta siste fredagen i kvar månad.

**FYSIOTERAPI:** Kommunefysioterapeuten vitjar sjukeheimen tysdagar og torsdagar, og gir då tilbod til bebuarar og dagpasientar.

**HEIMETENESTA** gjev døgnkontinuerlig tilbod til heimebuande etter søknad og fagleg vurdering.

**MIDDAGSUTKØYRING:** Heimebuande eldre kan etter søknad få middag frå sjukeheimen kjørt heim til seg.

**TRYGDE- OG OMSORGSBUSTADER:** Det er 2 husvære på Mo og 2 husvære på Øvre Helland som er øyremerkte eldre og uføre. I tillegg til dette er det 2 husvære på Øvre Helland som er øyremerka psykiatri.

**TRYGGLEIKSALARM:** Heimebuande som ynskjer det kan søkje om å få leige tryggleiksalarm gratis. Alarmen er knytt til Falken, som tek kontakt med brukaren.

**TEKNISKE HJELPEMIDLAR:** Det er eit stort utval av tekniske hjelpemidlar tilgjengelege til bruk i heimane. Kommunen har sjølv eit lite hjelpemiddellager for utlån.

## MÅL

- Gode, brukartilpassa tenester
- God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trøng
- Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeidar i pleie og omsorgstenesta i Modalen Kommune.

## ØKONOMI

	Rekneskap	Budsjett	Overskot
NETTO	Kr. 10.545.000	Kr. 10.788.000	Kr.243.000,-

Årsaka til overskotet ligg i høgare sal av gjesteplassar enn kalkulert, og mindreforbruk av vikarløn.

Det har vore 29 innskrivingar av nye pasientar ved Modalstunet bu og opptrening i 2009. Dette er 3 fleire enn i 2008. Det har vore 32 utskrivingar, av desse 2 dødsfall. 28 personar harhatt korttidsopphald ved Modalstunet bu og opptrening i 2009. I tillegg til dette har éin person kjøpt plass privat, i til saman 20 døger.

Vaksdal har brukt sine 4 faste plassar gjennom heile året. I 2009 har dei ikkje leigd ekstra plassar. Lindås Kommune har i 2009 kjøpt plassar i til saman 745 døger, mot 442 døger i 2008. Meland Kommune har kjøpt plass i til saman 19 døger, mot 47 døger i 2008. Privatpersonar har kjøpt plass i til saman 20 døger, mot 14 døger i 2008. Dette er ein auke med 281 døger samanlikna med 2008, der me selde 503 døger til saman.

Modalen Kommune har i snitt brukt 5,5 plassar til eigne brukarar. Dette er éin plass mindre enn i 2008.

### Heimehjelp:

Talet på brukarar som har fått heimehjelp frå Pleie- og omsorgstenesta er stabilt. 7 brukarar fekk praktisk bistand i 2009. Dette utgjorde i snitt gjennom heile året ca. 12 timer pr. veke

### Heimesjukepleie:

Talet på mottakarar av heimesjukepleie har gått litt ned i 2009. Mellom 10 - 12 brukarar har i snitt motteke ca 26 timer heimesjukepleie per veke i 2009. Dette er ein nedgang på ca 3 timer per veke samanlikna med 2008.

### **Matombringing:**

Modalen Kommune har ei målsetjing om at dei eldre skal kunna bu heime så lenge dei sjølv ynskjer det, og det er forsvarleg. I snitt vart det levert varm middag/ frukost/ kvelds til 2 - 3 brukarar i heimesjukepleien kvar dag. Dette er ein nedgang frå 2008.

### **Tryggleiksalarmar:**

Seks personar har nytta tryggleiksalarm. Modalen Kommune leiger utstyr frå Falken (Lev vel helse, hjelp 24) og nyttar Falken sin alarmsentral.

### **Personell:**

2009 har vore eit stabilt år samanlikna med 2008. Det har vore utfordringar med vikarar i periodar. Torill Farestveit blei ferdig utdanna sjukepleiar våren 2009, og Nina Bolstad er i utanning. Ho vert ferdig våren 2011. I tillegg var det to personar som begynte på 2 års vidareutdanning innan rehabilitering for fagarbeidrarar hausten 2009.

### **AKTIVITET**

Julebordet på Modalstunet vart gjennomført som vanleg i desember. Her deltok ca 60 brukarar, pårørende og andre gjester. Kvar fredag vert det arrangert bingo på Modalstunet. Siste fredag kvar månad er det ”storbingo”, der alle eldre i bygda er velkomne. Kvar torsdag er det trim. Ein torsdag i månaden er det andakt. Det er dagtilbod etter behov, og frisør- og fotpleietilbod til eldre. Barnehagen kjem på faste besøk. Elles vert det arrangert ”syng med oss”, musikkskulekonserter og anna. Måltidssituasjonen vert kvar dag brukt bevisst for å auka bebuarane sin evne til eigenomsorg,- fysisk, psykisk og sosialt.

Juni 2009 hadde me høgtideleg opning av sansehagen. Det var ope hus og ein triveleg ettermiddag. Målet med ein terapeutisk hage for personar med demens er å betra deira daglege livskvalitet. Dette skjer når det er mogeleg for brukarane av hagen å fortsetja med kjende syslar etter sitt funksjonsnivå. Ein slik terapeutisk hage for personar med demens, kan vera både fysisk og psykisk styrkjande. Fysisk aktivitet er helsemessig positivt og lettar stress.



Modalen kvinne- og familielag og personalet ved Modalstunet vil ta hovudansvaret for å halda sansehagen ved like. I vår, sommar og haust har me hatt fleire dugnadar. Familielaget er utruleg flinke til å stilla opp og me set stor pris på dette samarbeidet. Me har hatt fleire besøk frå andre kommunar, som vil sjå hagen vår. Vi ser for oss at sansehagen blir utvikla/opp arbeidd over år, med ein langtidsplan, der fokuset er at vi saman med brukarane skal utarbeide/skape og halde hagen vår ved like.

### **Hovudutfordringar i 2010:**

Me må ha fokus på tiltak som kan sikra stabile inntekter ved institusjonen, samstundes som me må sjå om det er tiltak som kan redusera utgifter og sikra stabil drift.

Det er svært viktig å ha fokus på å behalde og rekruttere kompetent arbeidskraft. I dagens arbeidsmarknad er dette ei utfordring. Særleg vanskeleg er det å rekruttere til små stillingsstorleikar. God kvalitet på tenestene vil vera avgjerande for å kunna selja plassar. Sviktande salg av plassar og redusert belegg, vil ha store konsekvensar for drifta.

Mykje inn og utskrivingar av pasientar frå andre kommunar, krev eit tett tverrfagleg samarbeid mellom helsepersonell, lege og fysioterapeut på tvers av kommunegrensene.

Det er viktig at Modalen pleie og omsorg er med i eit større samarbeid. Me må syna våre utfordringar og kvalitetar med tanke på Samhandlingsreforma.

# Helsecenteret

## TENESTER OG OPPGÅVER

Under Modalen helsecenter er følgjande tenester organisert:

- Legekontor Der er 1 legeheimel i Modalen, kombinert fastlege og kommunelege-stilling. Den har i 2009 vore arbeidd i 90% stilling, fordelt på om lag 50% kurativ verksemd (pasientkonsultasjoner), 15% sjukeheimsteneste, 20% administrativt kommunelege-arbeid og ca 5% til helsestasjonarbeid. Der er 1 stillingsheimel på 60% for legesekretær ved kontoret.
- Kommunefysioterapeut i 100% stilling
- Helsestasjon, helsesøster i 50% stilling
- Psykisk helsearbeid ( psykiatrisk sjukpleiar i 100% stilling, 2 fagstillingar)

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsecenteret. Helsecenteret er elles underlagt kommunalsjef for omsorg og oppvekst, Oddvin Nesi.

## MÅL

Å bidra til å gje innbyggjarane i Modalen kommune ei god og trygg helseteneste i samsvar med kommunehelsetenestelova.

## ØKONOMI

	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Budsjett 2009	Regnskap 2008
Sum teneste: 2410 LÆKJARTENESTE	1.734.204	1.719.400	1.756.700	1.644.417
Sum teneste: 2411 FYSIO-/ERGOTERAPI	644.947	339.540	351.990	423.797
Sum teneste: 2321 JORDMORTENESTE	21.560	5.000	5.000	792
Sum teneste: 2331 EDRUSKAPSVERN	2.488	0	0	26.363
Sum teneste: 2320 HELSESTASJON	414.951	357.200	357.200	301.709
Sum ansvar: 2203 KOMMUNELEGE	2.818.149	2.421.140	2.470.890	2.397.078
 T O T A L T	 2.818.149	 2.421.140	 2.470.890	 2.397.078

## AKTIVITET

### **Oppdatering/kurs (gjennomført av kommuneoverlegen):**

- april-09: praksislærerkurs
- mai-09: legevaktskurs
- sept-09: Kurs i førebyggjande medisin
- nov-09: kurs i laboratorie-medisin ( lege og sekretær deltok)

### **Andre oppgåver utanom kommunen som kommunelegen har :**

- Delteke som kommunikasjonslærer ved UiB for 3. års **medisin**studenter, ei vekes kurs i januar og september.
- Vore praksislærer for 6.års medisinstudent under ein månads utplassering i allmennpraksis.
- Medlem i KUP, allmenmedisinsk kvalitetsutval frå 01.september 2008. Dette er eit utval under den norske legeforening som driv med kvalitetsarbeid innan allmennmedisinen.

### **Aktivitet ved legekontoret 2009:**

	2009	2008	2007
Sjukebesøk	11	7	2
Konsultasjoner	1234	1287	790
Telefonkonsultasjoner	167	276	596
Annan kontakt	832	553	286

## Mo skule



Rektor har fagleg og administrativt ansvar for grunnskule, skulefritidsordning, vaksenopplæring på grunnskulenivå og Kulturskulen.

### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Mo skule

Skuleåret 2009 starta 66 elevar opp på Mo skule, fordelt mellom 1. til 10.klasse. 18 elevar er heimehøyrande i Vaksdal kommune. Skuleåret 2009/10 starta 10 nye 1. klassingar ved skulen, det same gjer det truleg i skuleåret 2010/11.

Til saman arbeidar ca 20 personar i 15 stillingar ved skulen.

Grunnskuleverksemda er regulert av Opplæringslova med forskrifter.

Modalen kommune har dette året ikkje hatt elevar som har motteke vaksenopplæring på grunnskulenivå.



## Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtekten for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7.

*"Kommunen skal ha tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. klassetrinn (1.-7. klassetrinn for barn med funksjonshemmingar). Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet."*

I tillegg baserer drifta av SFO seg på kapitel 23 i Forskrift til opplæringslova.

På onsdagar er det SFO ved Mo skule heile dagen. Då har elevane på 1.-4. trinn undervisningsfri. Det er i alt 14 born som nyttar seg av SFO-tilbod i Modalen kommune dette skuleåret.  
Åpningstidene til SFO er 07.30-16.30.

## Modalen Kulturskule

Skuleåret 2009/10 har Modalen Kulturskule mangla instrumentopplæring. Det er håp om at dette vil endra seg frå neste skuleår. Tilbod som er gitt er song og keramikk. Kulturskulen har òg samarbeidt med UniMicro A/S om eit datatilbod for dei største elevane. Dette har vore eit populært tilbod. Det vert kjøpt elevplass til tre elevar som får tilbod gjennom kulturskulen i Lindås.



## MÅL

I 2007 søkte Mo skule i samarbeid med Hauge skule, Lonevåg skule, Osterøy Ungdomsskule og Alversund skule om deltaking i Utdanningsdirektoratet sitt utviklingsprogram "Kunnskapsløftet frå Ord Til Handling". Prosjekttittelen var "Vurdering – dokumentasjon av læring og utvikling". Eit av måla var å utvikle skulen til ein lærande organisasjon der refleksjon over eigen praksis og erfaringsdeling vert ein kontinuerleg prosess. Dette er skulen kome godt i gang med, og ein forventar at dette blir ytterlegare konkretisert i tida framover.

Som ein følge av mellom anna dette vart det innført ein handlingsplan for Mo skule frå hausten 2009. Eit av måla med ein slik handlingsplan er at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulens praksis blir meir synleg. Handlingsplanen sitt mål blir evaluert til jul, og eventuelle justeringar i planen blir føretatt. Ein slik handlingsplan er og eit uttrykk for ein organisasjon som lærer, og dermed eit av dei tiltaka som er med på å skape vekst og utvikling.

Mo skule arbeider kontinuerleg med å nå intensjonane i Kunnskapsløftet. Arbeidet med utvikling av lokale læreplanar, det vil seie ein konkretisering av dei nasjonale læreplanane tilpassa lokale forhold har vore hovudfokuset i 2009.

Frå 1. august 2009 kom det nye vurderingskriterier frå Udir. Mo skule har arbeidd aktivt med å få desse implementert i skulen, og hauster erfaringar etter kvart som vi tek i bruk nye metodar for vurdering. Dette må sjåast i samanheng med prosjektet som skulen deltok i. Eit synleg teikn er bruken av målark.

Nasjonale prøvar vart gjennomført på 5. og 8. trinn hausten 2009. Mo skule brukar resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på undervisninga, og for å auke elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfeller over gjennomsnittet. Samtidig er det vanskeleg å samanlikna resultata med andre kommunar og fylkesresultat fordi skulen har for få elevar til dette. Men dette gjer oss i staden moglegheita til å kunne fokusere på den enkelte elev sine resultat.



Analysen ved skulen viser at vi har ein felles utfordring med å auke læringsstrykket ved Mo skule. Eit av tiltaka ein har innført ved skulen er nye arbeidsplanar for ungdomsskulen. Denne inneholder klare mål for det arbeidet som elevane skal gjere, og testing av oppnådd kompetanse i forhold til dette. God vurdering kjenneteiknast av klare og konkrete mål som eleven er blitt gjort kjend med.

Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for ”Kvalitetsvurdering av verksemd etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule”. Systemet er utarbeid for at mellom anna skuleeiar og tilsynsmyndigheter kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte ved Mo skule.

Ved skuleårets slutt vil Mo skule utarbeide ein tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø. Denne årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, det vil seie kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd .

## ØKONOMI

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Overskot</b>
NETTO	Kr. 7.302.000	Kr. 7.384.000	Kr. 82.000,-

Budsjettet for 2009 fekk eit overskot pga meirinntekter på elevplassar frå Vaksdal kommune.

## AKTIVITET

Rett etter skulestart haugen 2009 starta ombygginga av skulen. Prosjektet starta i gymbygget, med planlagt ferdigstilling til februar 2010. Formhuset inneld gymsal, dusjar, to klasserom for kunst og handverk, samt lager. Prosessen med ombyggjinga har så langt gått fint. Både elevar og tilsette har vist god omstillingsvilje, og ser fram til å kunne ta i bruk ein ny og moderne skule til skulestart 2010.

### Døme på aktivitetar ved Mo skule 2009:

- Skuletur for 5. – 7. klasse med seilskuta ”Mathilde”
- Sykkeltur på ”Rallarvegen”
- Teaterframstyringar, Den Nasjonale Scene
- Skuleforestillingar; Den kulturelle skulesekken
- Ein lærar i videreutdanning, 40 %
- Kursrekke for lærarar: Dei utrolege åra
- Studietur til København ( i samband med vurderingsprosjektet)
- 2 dagars planleggingstur til Brekkestrand Fjordhotel
- Diverse samankomster før føresette



Skulen har innført bruk av It's learning som læringsplattform både for elevar og tilsette. Her haustar skulen erfaringar undervegs. Ein av fordelane ved bruken av ein slik læringsplattform er at praksisen ved skulen blir meir tilgjengeleg for både elevar, føresette og dei tilsette. Skulen bruker It's learning til dømes til felles kommunikasjon. Ein finn alle planar, årsplanar og vekeplanar, bilder og anna her.

Elevane på Mo skule får kvar dag tilbod om ferdig påsmurte brødskiver, drikke og oppdelt frukt og grønsaker. Foreldra betalar kr 1 000,- per elev per år. Erfaringane frå kantinedrifta er god og visar stor oppslutning.

Rammetimetalet (lærartimar per veke) vil gå noko ned for skuleåret 2010/11. Dette på tross av at elevtallet er auka på grunn av elevane frå Eidsland, og fordi ny fag- og timefordeling frå Udir. medførte ein auke i timetal til elevane. Årsaken til at skulen likevel kan gå ned på rammetimeantallet er minka behov for spesialundervisning samt organiseringa av elevane i grupper.

# Modalen barnehage



## TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen er open frå 07.30-16.30. I løpet av denne tida får borna 3 måltid og frukt. I barnehageåret 2009/2010 har me hatt 41 barn, som alle nyttar seg av heildagstilbodet 9 timer per dag. Antal årsverk er 11,58 inkludert reinhaldar og kjøkkenassistent. Me arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Barna får eit breitt og variert pedagogisk tilbod som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Me legg vekt på humor, glede og fysisk aktivitet. Me nyttar oss av leikeplassen i barnehagen, skogen i nærmiljøet, badebasseng og gymsal i Bryggjeslottet for å gje barna gode fysiske aktivitetar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei 7 fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Modalen barnehage er ein 3-avdelings barnehage med styrar som leiar. Kvar avdeling har ein pedagogisk leiar som har med seg assistenter etter talet på barn. Vedtekten til Modalen barnehage legg føringar for bemanningsnorma per barn. I barnehagelova og vedtekten er det fastsett kor mange barn det skal vere per pedagogisk leiar.

## MÅL

Hovudmålet til Modalen barnehage lyder slik: ”Me vil arbeida for å gjera barna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg”. Visjonen vår er ” Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus”. I tillegg hadde me i 2009 satsingsområda kropp, bevegelse og helse, og etikk religion og filosofi. Dette er 2 fagområde i rammeplanen me har valt å fordjupe oss i. Me har lært om hinduismen, islam og kristendom. I tillegg fordjupa me oss i tema frå fjord til fjell etter ynskje frå foreldregruppa . Dette temaet finn me att i mange ulike fagområde, blant anna nærmiljø og samfunn, natur, miljø og teknikk.

Me vil absolutt seie at me har nådd måla me sette for dette året. Me har hatt mange og varierte aktivitetar i høve både hovudmål, satsingsområde og tema. Barna har lært om nærmiljøet, høyrd gamle soger frå bygda, besøkt stadane sogene har handla om, vore med på stølsdrift og gardsbesøk, laga Modalen i miniatyr, lært om ulikskap mellom fjord og fjell, lært om kva ville dyr me har i Modalen og Eksingedalen, og lært om lokale mattradisjonar. Barna har vore fysisk aktive ute og inne, og har fått auka kunnskap om kva som er sunt å ete og ikkje. I tillegg har dei fått kunnskap om kroppen og ulike funksjonar den har.

Me har nådd dei måla me har sett i årsplanen. Me har sett at måla har interessert barna og fenga dei. Med utgangspunkt i barns medverknad har barna fått vere med å påverke innhaldet i form av tankekart kring tema, samtalar og observasjon av interesser.

## ØKONOMI

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Overskot</b>
NETTO	Kr. 1.425.000	Kr. 1.493.000	Kr. 68.000,-

Årsaka til overskotet er større skjønstilskot frå Staten enn ein hadde rekna med i budsjettet.

## AKTIVITET



Foto: Gro Henny Mo

Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Me legg stor vekt på å følgje borna sine interesser og slik sørge for at barna sin medverknad vert følgt opp. Slik vil me ha ein barnehage i kontinuerleg utvikling og endring på både vaksen- og barnenivå.

Me har ein del faste aktivitetar gjennom året som: basar til inntekt til FORUT, besøk frå 1. – 7. klasse med lesestund 2 gongar i året, advent/ juleførebuing, solfest, karneval og fastelavn, påskefrukost, våreteikn, så frø, barnehagedagen, 17. mai-førebuing, sommarfest, hatteparade ved Modalsdagane, tur til basseng og gymsal, bibliotek, bruk av naturen i nærmiljøet, samarbeid med Modalstunet, kommuneadministrasjonen, Mo skule og Uni Micro.

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Denne følgjer barnehageåret, og ikkje kalenderåret. Ved å ha ein slik plan vil me alltid ha nye mål og søken etter ny kunnskap. Me legg dei pedagogiske planane opp etter kva barnegruppe me har, og tek deira medbestemmelse på alvor. Me har planar om å utvida kompetansen vår med å kurse oss i teorien om Mange Intelligensar i løpet av neste barnehageår. Dette er eit arbeid som vil ta 2-3 år. Av økonomiske framtidsvyar ynskjer me å få bygd eit uteskur til syklar, leikar og overbygd sandkasse.

## Teknisk etat

### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Teknisk etat hjelper til med:

- Skjema og hjelp ved søknad om frådeling av tomt
- Hjelp ved kjøp av kommunal tomt
- Skjema og hjelp ved søknad om grave- og byggjeløyve
- Hjelp ved søknad om tilknyting til offentleg veg, vass og kloakknett
- Informasjon i byggjetekniske spørsmål
- Hjelp ved brann, ulukke eller vasskade

#### Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avløp
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling

### Organisering



På teknisk etat er det samla 9 årsverk. Desse fordeler seg med 3 i vaktmeistertenesta, 4 innan reinhald og 2 innan administrasjonen.

## MÅL

Teknisk etat har som overordna mål å arbeida for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

Hovudmåla er

- Yta god service ovanfor publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd
- Arbeida for å betre kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard, og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg

Målet for budsjettåret var å gjennomføre flest mogleg av tiltaka sett i økonomiplanen og budsjett for 2009. Teknisk etat arbeider for å levere i samsvar med måla som er sett opp.

## ØKONOMI

Teknisk etat hadde i 2009 eit mindreforbruk på ca 80 000 kroner i høve til budsjett for heile etaten sett under eitt.

Ansvar 3000 kommunalsjef tekniske tenester, plan og miljø hadde eit mindreforbruk på ca kr 338 000,-. Mindreforbruket kan forklarast med at små investeringar slik som nye garasjedørar kr 50 000,-, uteareal Mo skule kr 31 000,- og grøfteskuff kr 14 000,- ikkje vart gjennomført. I tillegg blir nytt rekverk på hems i Bryggjeslottet, kr 50 000,-, først gjennomført i 2010. Samla utgjer dette kr 155 000,-.

Ansvar 3100 avdelingsingeniør hadde eit mindreforbruk på kr 134 000,-. Dette skuldast at opplæring av brannmannskap ikkje vart gjennomført i 2009. Denne opplæringa har teke til i 2010.

Ansvar 3200 reinhald hadde eit meirforbruk på kr 392 000,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak at vi hadde lite erfaringstal då budsjettet vart utarbeidd. Reinhardstenesta vart samla under teknisk med verknad frå 1. mai 2008.

## AKTIVITETAR

### **Byggjeprosjekt og prosjekteringsarbeid**

Etter ein lengre plan – og prosjekteringsfase starta ombyggingsarbeida på Mo skule i byrjinga av november. Arbeidet er delt inn i tre fasar, formhuset, klassehuset og lærarhuset. Formhuset er no teke i bruk, og arbeida på klassehuset er starta opp. Arbeida har så langt gått veldig bra. Samarbeidet mellom prosjekterande, utførande og brukarane har vore godt.

I fjor sommar hadde vi problem med å levera nok vatn til forbrukarane på Kleivane, spesielt i periodar med varmt vær og mykje hagevatning. For å få ei varig løysing på problemet vart det laga eit forprosjekt for Høgdebasseng. Arbeidet med dette er no starta opp.

Det vart investert i nye betongflytebryggjer. Desse er utstyrt med vasspostar og uttak for elektrisk straum. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå nøgde båtfolk vedkomande dei nye bryggjene.



Arbeida med tomannsbustadane tok til på vårparten 2009, og vart ferdigstilte rundt påsketider 2010. Bustadane er no tekne i bruk.

Det er sett opp nytt venteskur i barnehagen

Modalen kommune fekk tildelt kr 235 000,- i statlege tiltaksmidlar. Desse vart i all hovudsak nyttta til ei oppgradering av samfunnshuset. Det vart lagt nytt golvbelegg i korridorane i 2. høgda, ny himling i deler av taket, og veggjar vart malte.

Arbeidet med å lage tømmestasjon for bubarlar tok til hausten 2009. Det står framleis att litt arbeid på tømmestasjonen, men den vil vere klar til bruk innan sommarsesongen tek til.

### Sommarjobb

I 2009 var det 21 søknader til sommarjobb. Godt om arbeid rundt omkring gjorde nok at mange av dei eldre skuleelevane søkte arbeid andre stader. Det førte til at vi fekk mange relativt unge skuleelevar me skulle setje i arbeid, og det var til tider ei utfordring å finna høveleg arbeid. Dei fleste som deltar i sommarjobbopplegget vert sysselsett ved teknisk etat, noko som til tider kan følast som eit tungt ansvar.

### Planarbeid

Arbeidet med rullering av kommuneplanen vart starta opp i 2009. Vi vonar arbeidet med planen skal vera ferdig innan utgangen av denne kommunestyreperioden.

Melding om oppstart for ny reguleringsplan for hyttefelt Kvanndalen. Ventar på ROS-analyse for området før handsaming i planutvalet.

Det vart halde seks kart- og delingsforretningar. Arbeidet med nykartlegging av Modalen held fram. Nye kart skal vere ferdig i 2010. Arbeid med feilretting i gardskart vart oppstarta.

I 2009 var det 5 søknader om tiltak, 2 meldingar om tiltak og 2 rammeløyver. Det er innkomme 3 søknader om frådeling til fritidsbustader i LNF-områder. Desse vert handsama i samband med ny

komuneplan. Det er komme inn éin søknad om dispensasjon om frådeling av eigedom med bustad i LNF-området. Frådeling er godkjend. Det er søkt om fortetting av hyttefelt i Kvanndalen. Søknaden er trekt attende i påvente av ny reguleringsplan.

## Vatn

Det har vore store problem med vassforsyninga for den øvre delen av bustadfeltet som er tilknytt Mo vassverk. Problemet var størst ved ferietida i sommar. Det måtte innførast vatningsforbod. Brønnane vart rehabiliterete. Ein fekk noko betre vassforsyning, men ikkje god nok. For å få sikker og god vassforsyning er det derfor naudsynt med høgdebasseng. Arbeidet vert oppstarta i 2010. Etter at høgdebasseng er på plass, må ein sjå vidare på oppgradering av PLS-styringa. Vassprøvane syner god kvalitet.

## Vegar

I samband med sanduttak opp mot den kommunale vegen til Kleivane er det utarbeidd ein rapport der ein har kontrollert stabilitetstilhøva og kor nær vegen det er tilrådeleg å ta ut massar. For delar av området er konklusjonen at det ikkje må takast ut meir massar.

## Brann

Det var ingen utrykkingar i 2009. Brannberedskapen vart styrka då vi overtok ny ombygd tankbil i 2009. Tankbilen som rommar 15 000 liter vatn vil ha stor betydning for branngryggleiken i kommunen. Det vart også kjøpt inn nytt bil til bruk for utrykking. Denne vil bli stasjonert på brannstasjonen på Øvre Helland.

Brannmannskapa har hatt øving innan utlegging av slangar og bruk av pumper. Øvinga har spesielt fokusert på den nye pumpa på den nye tankbilen. Det har også vore øvd på klipping og redning i samband med bilulukke. To personar har teke sertifikat for køyring av utrykkingskøyretøy. Fire tilsette fekk opplæring som brannvernleiarar i §13-bygg. Det vart føreteke brannsyn i fire §13-bygg. Grunna manglande løyvingar frå staten vart ikkje kurs i opplæring av deltidsmannskap i Hordaland starta opp i 2009. Dette førte til at den planlagde opplæringa av brannmannskap ikkje vart gjennomført.



Året som kjem vil by på følgjande utfordringar:

- Ny plan og bygningslov der plandelen vart gjort gjeldande frå 1. juli 2009 og der bygningsdelen vil ta til å gjelda frå 1. juli 2010.
- Ny matrikkellov vil også stille gje oss ein del utfordringar. I tillegg til dette har vi ein del opprettingsarbeid å gjere med den eksisterande kartdatabasen.
- Vassforsyninga på Øvre Helland bør vurderast med omsyn til branngryggleik og sikker forsyning til husstandane.